



Kjersti og Geir Atle Hindenes  
Hindenesvegen 832  
5993 OSTEREIDET

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1036 - 19/11594

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

09.04.2019

## Førebels svar med trong for tilleggsopplysning - gbnr 21/1 Hindenes ytre

Tiltak: Ny grunneigedom  
Byggjestad: Gbnr: 21/1  
Tiltakshavar:  
Ansvarleg søkjar: Kjersti og Geir Atle Hindenes

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 27.03.2019.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det går ikkje fram av søknad kor stort areal det søkjast om å få frådelt. Vi ber attendemelding på kor stort areal som er vist på innsendte situasjonskart
2. Arealet ligg innafor 100- metersbelte mot sjø. Vi syner til plan- og bygningslova § 1-8 vedkomande byggje- og deleforbod innafor dette område. Søknaden må difor supplerast med søknad om dispensasjon i frå pbl § 1-8, og vi gjer merksam på at søknaden må vere grunngjeve
3. Vi ber om tilleggsopplysning på kva avlaupsanlegg eigedomen skal knytast opp til. Det må dokumenterast at anlegget har tilstrekkeleg kapasitet til ei ny eigedom. Det går ikkje fram av søknad kva vassforsyning eigedomen skal knytast til. Vi ber om opplysning om dette, og om denne vassforsyninga har tilstrekkeleg og hygienisk kapasitet.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **07.05.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Kjersti og Geir Atle Hindenes

Hindenesvegen 5993  
832

OSTEREIDET